

**Finansutvalet 27.1.2016**

Fylkeshuset, møterom Sygna kl. 10.00

**Budsjett/økonomiplan 2017-2020 Arbeidsdokument 1/16**

I FT-sak 68/15 Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vart det i punkt 5 vedteke følgjande:

«Økonomiplan 2017-19 vert vedteken i samsvar med tabellverket i vedlegg 1. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Disponering av auka handlingsrom som følgje av auka tapskompensasjon og sal av aksjar vert vurdert som ein del av økonomiplanprosessen 2016. I dette arbeidet skal det gjerast ei ny vurdering av vedteke innsparringstiltak/innsparringskrav for åra 2017-19.»

Finansutvalet startar no opp sitt arbeid med budsjett/økonomiplan 2017-2020. Hovudmålet med økonomiplanarbeidet vert å trekke opp dei meir langsiktige linjene for den økonomiske utviklinga. Det vil vere økonomiplanarbeidet til våren som vert arena for å ta eventuelle overordna grep på tvers av sektorane og gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

I dette arbeidsdokumentet vil fylkesrådmannen gje:

- ei kort orientering om den økonomiske situasjonen ved inngangen til økonomiplanperioden,
- ei vurdering av korleis ein kan nytte det auka handlingsrommet,
- ein status - pågåande utgreiingar.

**1 ØKONOMISK SITUASJON****1.1 Økonomiske rammer**

Rammene i gjeldande økonomiplan skal leggast til grunn for arbeidet med neste års budsjett/økonomiplan. Sektorrammene er sett opp i tabellen nedanfor:

Økonomiske rammer	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 224,1	-2 208,9	-2 173,1	-2 129,6
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	168,2	160,8	160,5	150,2
Opplæring	860,4	831,5	798,1	773,8
Tannhelsetenesta	81,6	81,5	76,0	76,0
Næring og kultur	150,2	152,9	146,8	146,4
Samferdsle	963,6	982,2	991,8	983,3
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 224,1</b>	<b>2 208,9</b>	<b>2 173,1</b>	<b>2 129,6</b>

For åra 2017-2019 har sektorane ufordelte innsparringskrav som er innarbeidd i sektorrammene. Budsjett/økonomiplanen vart saldert med avsetting/bruk av fond.

Som følgje av nytt inntektssystem frå 2015 får Sogn og Fjordane fylkeskommune ein monaleg reduksjon i det årlege rammetilskotet. Det er etablert ei overgangsordning på 5 år, samt gjeve ein tapskompensasjon til dei fylkeskommunane som tapte mest på det nye inntektssystemet. Tabellen nedanfor viser Sogn og Fjordane fylkeskommune sin nettoreduksjon i rammetilskotet som følgje av nytt inntektssystem i 2016-kr.

Mill. kr	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Nytt inntektssystem - endring	-290,6	-290,6	-290,6	-290,6
Overgangsordning - kompensasjon	174,4	116,3	58,1	
Tapskompensasjon	80,4	80,4	80,4	80,4
<b>Netto inntektsreduksjon som følgje av nytt inntektssystem</b>	<b>-35,8</b>	<b>-93,9</b>	<b>-152,1</b>	<b>-210,2</b>

Denne inntektssvikten i kombinasjon med høg lånegjeld, reduksjon i elevtal og svikt i lokale inntekter gjev fylkeskommunen store økonomiske utfordringar, spesielt på lang sikt.

## 1.2 Tapskompensasjon

I statsbudsjettet for 2016 vart tapskompensasjonen utvida med 60 mill. kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av dette var oppgitt til 25,490 mill. kr. Dette beløpet var ikkje innarbeidd i finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019, men vart innarbeidd i fylkestinget sitt endelege budsjettvedtak. Fylkestinget vedtok følgjande:

«Den auka tapskompensasjon, med unnatak av 3 mill.kr. tilført opplæringssektoren i 2016, vert avsett til det etablerte omstillingsfondet.».

Både tapskompensasjon og den auka løyvinga til opplæringssektoren er såleis innarbeidd i dei økonomiske rammene i tabellen i pkt. 1.1.

Den auka løyvinga til opplæringssektoren på kr. 3 mill. kr er omtalt i fylkestinget sitt budsjettvedtak slik:

«Auken på 3 mill. kr på opplæring si ramme er førebels lagt på programområde 521-532, Utdanningsprogramma. Hovudutval for opplæring får fullmakt til å fordele desse midlane.»

Når det gjeld storleiken på tapskompensasjonen har Kommunal- og moderniseringsdepartementet den 8. januar 2016 kome med den endelege fylkesvise fordelinga. Vår fylkeskommune får 25,140, dvs. 0,350 mill. kr mindre enn innlagt i økonomiplanen vår. Naudsynt justering av økonomiplanen vil fylkesrådmannen kome attende til.

## 2 OVERORDNA ØKONOMISK VURDERING

I FT-sak 68/15 Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vart det i punkt 5 vedteke følgjande:

«Disponering av auka handlingsrom som følgje av auka tapskompensasjon og sal av aksjar vert vurdert som ein del av økonomiplanprosessen 2016. I dette arbeidet skal det gjerast ei ny vurdering av vedtekte innsparringstiltak/innsparringskrav for åra 2017-19.

Fylkesrådmannen vil nedanfor kommentere kort si vurdering av korleis dette auka handlingsrommet bør disponerast.

### Tapskompensasjon

Den styrkinga som her har skjedd er – isolert sett – positiv. Fylkeskommunen sin inntektsreduksjon pga. nytt inntektssystem vert tilsvarende mindre. Etter fylkesrådmannen si vurdering bør dei fondsavsette midlane disponerast slik:

- Utgreiing nr 59, «Innsparingspotensiale i tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring» vert lagt «på is», jf. pkt. 3.1.
- Framleis fondsavsetting tidleg i økonomiplanperioden, bør kombinerast med disponering av midlane i slutten av økonomiplanperioden.

Sal av aksjar

I FT-sak 46/15 vart det vedteke følgjande i pkt. 3:

«Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjelds-sanering.».

I FT-sak 68/15 Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vart det vedteke følgjande i pkt. 3 relatert til Fjord1-saka:

«Dei økonomiske konsekvensane av FT-vedtak i sak 46/15 – Eigarposisjonen i Fjord1 AS, vert innarbeidd når prosessen kring salet av aksjane er nærare avklara.».

Dei økonomiske konsekvensane av FT-sak 46/15 Eigarposisjonen i Fjord1 AS må fylkesrådmannen få kome attende til når pågåande oppfølgingsarbeidet er komen lenger.

Tilråding

Finansutvalet tek den overordna økonomiske vurderinga til orientering.

**3 PÅGÅANDE UTGREIINGAR – STATUS**

Som ein del av økonomiplanprosessen 2017-19 vart det sett i gang over 50 utgreiingsoppdrag, og relativt mange av desse vart handsama gjennom økonomiplanen som fylkestinget vedtok i juni-15. Men det står framleis att ein del, og administrasjonen arbeider pr. dato med følgjande utgreiingar:

- #7. Vidaregåande opplæring - rådgjeving ut over avtalefesta nivå
- #9. Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet
- #10. Vidaregåande opplæring - Leiingsressurs ut over avtalefesta nivå
- #11. Vidaregåande opplæring - sommarskule
- #12. Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale
- #13. Omstillings- og seniortiltak for pedagogisk personale
- #17. Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa
- #20. Fagskulen i Sogn og Fjordane
- #22. Tannhelsetenesta – ein framtidretta klinikk – og tenestestruktur
- #45. Ny driftsstandard på fylkesvegnettet (inkl. heim for ein 100-lapp/tilskot til kommunalt trafikktryggingarbeid).
- #51. Folkehelsearbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- #53. IKT-teneste i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- #54. Løn- og rekneskapstenestene i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- #55. Driftsteknikartenestene i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- #56. Reinhaldartenestene i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- #57. Sentraladministrasjon; roller og storleik
- #58. E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane
- #59. Innsparingspotensiale i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring

Desse utgreiingane har ulike leveringsfristar, men dei fleste skal vere ferdige i løpet av våren 2016. Fylkesrådmannen har som målsetting at finansutvalet skal kunne handsame ferdige utgreiingar i løpet av våren slik at aktuelle økonomiske konsekvensar kan innarbeidast i økonomiplanen som fylkestinget skal vedta i juni 2016. Dersom fylkesrådmannen må be om utsetjing for ei eller fleire av utgreiingane, vil eg kome attende til det.

**3.1 Innsparingspotensiale i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring (#59)**

I FT-sak 68/15 Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vart det i punkt 3 vedteke følgjande:

«Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *Innsparingspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.».

Fylkesrådmannen oppfattar at dette vil bli ei av dei kanskje mest utfordrande utgreiingane. Med omsyn til både det noko auka økonomiske handlingsrommet vi har fått, jf. pkt. 2, og at utgreiinga ikkje er kome i gang enno, vert det no tilrådd at denne førebels vert lagt «på is». Dei øvrige utgreiingane innafor opplæringssektoren bør gjennomførast som planlagt.

## Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at utgreiing #59 Innsparingspotensiale i tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring førebels vert lagt «på is».

### 3.2 Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur

Utgreiing # 22 Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk og tenestestruktur er no ferdigstilt frå arbeidsgruppa si side. Den utarbeidde rapporten, «Ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur», følgjer som vedlegg 1. Eit samandrag av utgreiinga finn ein i rapporten på side 4.

Etter fylkesrådmannen si vurdering har arbeidsgruppa levert ein prosjektrapport ihht. mandatet og den inneheld eit framlegg til ei klårt meir framtidsretta teneste. Dersom finansutvalet ønskjer det, kan fylkesrådmannen gje ei nærare orientering om innhaldet i rapporten i møtet.

Fylkesrådmannen tilrår no at arbeidsgruppa sin prosjektrapport vert sendt ut på høyring, primært retta mot kommunane og dei aktuelle fagforeiningane. Høyringsperioden bør vere frå 01.02.16 – 10.03.16. Eventuelle innspel frå høyringsrunden vil bli vurdert i det vidare arbeidet. Det vert lagt opp til at fylkestinget får denne utgreiinga til handsaming som ei eiga sak.

## Tilråding

Finansutvalet tek den framlagde prosjektrapporten «ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur» til førebels orientering. Finansutvalet ber fylkesrådmannen gjennomføre ein ordinær høyringsrunde, primært retta mot kommunane og aktuelle fagforeingar. Høyringsperioden vert frå 01.02.-10.03.16.

### 3.3 Vurdering av vedtekne innsparingskrav

Fylkesrådmannen legg ikkje opp til å endre vedtekne innsparingskrav i dette arbeidsdokumentet. Det er naturleg å sjå på dette samla når dei fleste av utgreiingane vert ferdige i vår. Det er først då vi kan ha det samla bilete av sektorane sitt innsparingspotensiale. Fylkesrådmannen vil seinast i saka om økonomiplan 2017-2020 i juni 2016 gjere ei vurdering av vedtekne innsparingskrav og eventuelt tilrå endring av desse.

## 4 VIDARE ARBEID

I følgje vedteken møteplan er det i vårhalvåret sett opp møte i finansutvalet 2. mars og 4. mai. I gjeldande budsjett/økonomiplan er det lagt opp til slik prosess og framdrift i arbeidet med økonomiplan 2017-20 våren 2016:

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
04.11.2015	Finansutvalet godkjenner skisse til prosess og framdrift	FINU	
Nov-mars	Administrativ utgreiingsfase		FRM
Mars 2016	Framlegging av utgreiingsrapportar – utan tilrådingar/konklusjon	FINU	
April 2016	Orientering om administrative utgreiingar for eit samla fylkesting. Påfølgjande møte i hovudutvala.	FT HU	
Medio mai	Framlegging av kommuneproposisjonen 2017	KMD	FRM
Mai 2016	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
Juni 2016	Hovudutvala si handsaming	HU	
Juni 2016	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
Juni 2016	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

Fylkesrådmannen vil til neste møte (2. mars) vurdere denne prosess- og framdriftsplanen nærare og innstille på eit meir endeleg vedtak. Det er fylkesrådmannen si oppfatning at den arbeidsforma som vart nytta våren 2015 var god, og at vi i relativt stor grad kan følgje det same opplegget no.

Fylkesrådmannen vil også til neste møte rullere økonomiplanen fram til 2020, slik at finansutvalet vil få framlagt planleggingsrammene for 2020. Årsrekneskapen for 2015 vil då også vere avlagt.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Astrid Lernes  
kst. økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Prosjektrapport «Ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur»

Kopi til:

Fylkestinget  
Fylkesrådmannen si leiargruppe  
Budsjettgruppa

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

## TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 1/16

### 1 ØKONOMISK SITUASJON

#### 1.1 Økonomsike rammer

#### 1.2 Tapskompensasjon

Punkta 1.1 og 1.2: Utan tilråding

### 2 OVERORDNA ØKONOMISK VURDERING

#### Tilråding

Finansutvalet tek den overordna økonomiske vurderinga til orientering.

### 3 PÅGÅANDE UTGREIINGAR – STATUS

#### 3.1 Innsparingspotensiale i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring (#59)

##### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at utgreiing #59 Innsparingspotensiale i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring førebels vert lagt «på is».

#### 3.2 Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur

##### Tilråding

Finansutvalet tek den framlagde prosjektrapporten «ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur» til førebels orientering. Finansutvalet ber fylkesrådmannen gjennomføre ein ordinær høyringsrunde, primært retta mot kommunane og dei aktuelle fagforeiningane. Høyringsperioden vert frå 01.02.- 10.03.16.

#### 3.3 Vurdering av vedtekne innsparingskrav

Punkt 3.3: Utan tilråding.

### 4 VIDARE ARBEID

Punkt 4: Utan tilråding

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑